

TILSKOT TIL HAMNESAMARBEID



KYSTVERKET

Tilskotsordninga for hamnesamarbeid er eit verkemiddel for å stimulere til meir gods på sjø.

Kystverket forvaltar ordninga og har ansvar for kunngjering, handsaming av søknadar, tildeling og utbetaling av tilskot.

MÅL FOR ORDNINGA

Å legge til rette for meir gods på sjø, gjennom hamnesamarbeid som styrkar konkurranseevna til sjøtransporten.

KVIFOR HAMNESAMARBEID?

Hamnesamarbeid kan gi betre utnytting av felles ressursar, lågare kostnader for hamnebrukarane og/eller auka transportkvalitet.

KVEN KAN SØKE?

Norske hamner/-eigarar, kommunar og private verksemdar som har meir gods på sjø som mål for prosjektet.

TYPAR PROSJEKT SOM KAN FÅ TILSKOT

- Juridiske, organisatoriske og økonomiske vurderingar som grunnlag for avgjerd om samanslåing av hamner og/eller fellesfunksjonar.
- Etablering av felles administrative funksjonar, som til dømes felles bruk av tilsette.
- Samanslåing av hamner, eller avtalar om utnytting av felles infrastruktur.
- Styrking av kompetanse innan logistikk, transport og/eller marknadsføring.

Før det vert tildelt tilskot vil Kystverket vurdere prosjekta ut frå korleis desse vil gi meir gods på sjø.

SØKNAD OM TILSKOT

- Ved søknad om tilskot skal søknadsmalen til Kystverket nyttast (sjå nettsida til ordninga).
- Søknaden må vere i samsvar med ordninga sine retningslinjer.

Ved behov kan hovudkontoret til Kystverket rettleie i søknadsprosessen.

KRITERIER FOR TILDELING

- Prosjekt som mottek støtte må ha auka transport av gods på sjø som mål.
- Prosjekt som medverkar til rasjonelle løysningar for samarbeid vil bli prioritert.
- Prosjektet må vere gjennomført i tildelingsåret.
- Samarbeidet kan ikkje vere i strid med gjeldande konkurranseregulering; konkurranselova §10 og §11. Søkar er sjølv ansvarleg for å sjå til at regelverket vert overhalde.
- Tilskot vert gitt som løyving i budsjettåret 2016, og det er krav om eigenfinansiering av minimum 50 prosent av prosjektkostnadane.
- Tilskotsmottakar har ansvaret for finansieringa og gjennomføringa av prosjektet.

VIKTIG Å MERKE SEG

- Frist for innsending av søknad er 30. november 2015.
- Informasjon om kven som får tilskot vert lagt ut på kystverket.no.
- Dei som får vedtak om tilskot, må skriftleg godta vilkåra for tilskotet.
- Frist for levering av slutt rapport er 30. november 2016.
- Tilskot vert utbetalt på grunnlag av mottatt slutt rapport.

KONTAKTINFORMASJON

Erika M. Støylen
(erika.marlen.stoylen@kystverket.no)
Jens Aarsand Sæter
(jens.aarsand.sater@kystverket.no)

RELATERTE DOKUMENT

På kystverket.no/tilskuddhavnesamarbeid finn du:

- Retningslinjer for tilskot til hamnesamarbeid
- Tilskot til hamnesamarbeid – søknadsmal

Kystverket treffer du på:

Tlf: 07847

www.kystverket.no